



Se egen adresseliste

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Gjenvinningsanlegg for plast - Gangstø Transport AS Vindafjord – søknad om løyve etter forureiningslova for avfallsanlegg – Fylkesmannen ber om uttale

-----  
**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør takast omsyn til ved behandlinga av søknaden. Uttale må sendast Fylkesmannen innan 4 veker for alle andre enn Fylkeskommunen, som har 8 veker til å uttale seg.**  
-----

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Gangstø Transport AS om løyve etter forureiningslova til gjenvinningsanlegg for plast i gnr. 332 bnr. 75 – 77, Vikebygd i Vindafjord kommune. Anlegget har vore etablert sidan 1990, men er beden om å søke om løyve grunna verksemdas karakter og utslepp.

### Kort om verksemda:

Type verksemd:	Gjenvinningsanlegg for plast
Plassering:	Gnr 322, bnr 75 – 77, Vikebygd i Vindafjord kommune.
Verksemda omfattar:	Mottak og mellomlagring av totalt 6 200 tonn plast-avfall årleg. Samtidig mellomlagret mengde er 620 tonn. Landbruksplast og sekker for fôr skal pressast. Hardplast skal kvernast og fyllast i storsekk eller pressast. Stål/jern som kommer med plasten skal sorterast ut. Verksemda vil og motta, mv. tau/trosser.
Brukstid:	180 døgn pr år.

### Fylkesmannens merknader:

Gangstø Transport AS søker om å få utsleppsløyve slik at verksemda kan vera ein aktør i avfalls-systemet. Dei driv i dag utan eige løyve. Løyve er naudsynt når ein gjenvinn plastavfall og mottek og mellomlagrar avfall kor lagring skjer ute.

I følge forureiningslova § 29 skal den som driv opplagsplass eller anlegg for behandling av avfall som kan medføre forureining eller virke skjemmande, ha løyve etter reglane i kap 3. I løyvet kan det setjast vilkår bl.a. om transport, behandling, gjenvinning og oppbevaring av avfall og tiltak for å motverke at anlegget verker skjemmande. Gangstø Transport AS driv i dag med utandørs lagring av avfall på ein slik måte at det til tider har vore skjemmande og kan føre til plastforsøpling.

Gangstø søker om å få driva slik anlegget er i dag. Dei må rekne med å få krav som hindrar forureining av avfallet som blir mellomagra, både før og etter gjenvinning.

Gebyr for sakshandsaming blir fastsett i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta kapittel 36.

### **Offentleg kunngjering:**

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i Haugesunds Avis og Grannar. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av søker. Kunngjeringstekst følgjer ved.

### **Utlegging til offentlig ettersyn:**

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1 Ølen og på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Høyringar». Merknader frå interesserte skal sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### **Merknadar:**

Fylkesmannen ber fylkeskommunen henta inn naudsynte merknadar frå eigne avdelingar og politiske utval så langt fylkeskommunen finn det naudsynt. Fristen for fylkeskommunale merknader er 8 veker frå kunngjeringsdato. For alle andre er fristen for å sende oss ein uttale 4 veker.

Fylkesmannen ber alle de som mottar dette brevet å uttale seg om forhold de meiner manglar, eller er utilstrekkeleg beskrive i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Fylkesmannen kan ikkje sluttbehandle søknaden før vi har motteke uttale frå Vindafjord kommune.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernshjef

Margareta Skog  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Saksbehandlar: Margareta Skog  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 32  
E-post: [fmromsk@fylkesmannen.no](mailto:fmromsk@fylkesmannen.no)

### 3 Vedlegg:

1. Søknadsdokumenta
2. Kopi av høyringsbrevet til kommunen
3. Kunngjeringsteksten

Adresseliste:

Naturvernforbundet i Rogaland	Postboks 130	4001	STAVANGER
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	Pb. 1502	6025	ÅLESUND
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.1.2017  
Vår ref.: 2016/7747  
Arkivnr.: 461.3

Vindafjord kommune  
Rådhusplassen 1  
5580 ØLEN

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Gjenvinningsanlegg for plast - Gangstø Transport AS Vindafjord – søknad om løyve etter forureiningslova for avfallsanlegg

-----  
**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør takast omsyn til ved behandlinga av søknaden. Kommunen sin uttale må sendast Fylkesmannen innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.**  
-----

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Gangstø Transport AS om løyve etter forureiningslova til gjenvinningsanlegg for plast i gnr. 332 bnr. 75 – 77, Vikebygd i Vindafjord kommune. Anlegget har vore etablert sidan 1990, men er beden om å søke om løyve grunna verksemdas karakter og utslepp.

### Kort om verksemda:

Type verksemd:	Gjenvinningsanlegg for plast
Plassering:	Gnr 322, bnr 75 – 77, Vikebygd i Vindafjord kommune.
Verksemda omfattar:	Mottak og mellomlagring av totalt 6 200 tonn plast-avfall årleg. Samtidig mellomlagret mengde er 620 tonn. Landbruksplast og sekker for før skal pressast. Hardplast skal kvernast og fyllast i storsekk eller pressast. Stål/jern som kommer med plasten skal sorterast ut. Verksemda vil og motta, mv. tau/trosser.
Brukstid:	180 døgn pr år.

### Fylkesmannens merknader:

Gangstø Transport AS søker om å få utsleppsløyve slik at verksemda kan vera ein aktør i avfalls-systemet. Dei driv i dag utan eige løyve. Løyve er naudsynt når ein gjenvinn plastavfall og mottek og mellomlagrar avfall kor lagring skjer ute.

I følge forureiningslova § 29 skal den som driv opplagsplass eller anlegg for behandling av avfall som kan medføre forureining eller virke skjemmande, ha løyve etter reglane i kap 3. I løyvet kan det setjast vilkår bl.a. om transport, behandling, gjenvinning og oppbevaring av avfall og tiltak for å motverke at anlegget verker skjemmande. Gangstø Transport as driv i dag med utandørs lagring av avfall på ein slik måte at det har vore skjemmande og kan føre til plastforsøpling.

Gangstø søker om å få driva slik anlegget er i dag. Dei må rekne med å få krav som hindrar forureining av avfallet som blir mellomlagra, både før og etter gjenvinning.

Gebyr for sakshandsaming blir fastsett i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta kapittel 36.

### **Offentleg kunngjering:**

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i Haugesunds Avis og Grannar. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av søker. Kunngjeringstekst følgjer ved.

### **Utlegging til offentlig ettersyn:**

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1 Ølen og på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Høyringar». Merknader frå interesserte skal sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### **Merknadar – kommunal sluttbehandling:**

Frist for kommunale og fylkeskommunale merknader blir sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Innan same tidsrom ber vi kommunen henta inn naudsynte merknadar frå eigne avdelingar og politiske utval så langt kommunen finn det naudsynt.

Kommunen sine merknader bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskrive i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Resultatet frå den kommunale sluttbehandlinga blir deretter sendt til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan ikkje sluttbehandle søknaden før vi har motteke uttale frå kommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernshjef

Margareta Skog  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Saksbehandlar: Marit Sundsvik Bendixen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 36  
E-post: [fmromsb@fylkesmannen.no](mailto:fmromsb@fylkesmannen.no)

### 3 Vedlegg:

1. Søknadsdokumenta
2. Kopi av brev til andre høyringsinstansar
3. Kunngjeringsteksten